

Bjørn Gjelsten
Elvøy
6871 Jostedal

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Høyringsfråsegn Vestsida-Vigdøla i Jostedalen

Som grunneigar til Jostedøla, yrkesaktiv UIAGM fjellfører og fastbuande i Jostedalen seier eg nei til utbygging av Vestsida og Vigdøla. Dette ut frå følgjande grunnar:

Unike naturkvalitetar i Jostedalen blir redusert for all framtid

Restvassføring i elvene på Vestsida og i Vigdøla blir betydeleg redusert grunna det planlagte låge innslagspunktet på kote 520. Ei utbygging vil såleis få direkte negativ påverknad på eit sentralt område for mitt virke som utøvande tindeveglear. Som medeigar i ei av dei større fjellføringsverksemdene i Noreg, heimehøyrande i Jostedalen, meiner eg dette vil få negative konsekvensar for eit berekraftig, naturbasert reiseliv i framtida. Gjester eg har med i fjellet kjem nettopp for å oppleve dei unike naturkvalitetane ein finn i Jostedalen.

Flott utsikt gjev ikkje mat på bordet, sa ein i gamle dagar. Men i Jostedalen er det faktisk slik.

Utbygging vil ha liten flaumdempende verknad

Utbygging av Vestsida og Vigdøla vil liten flaumdempende verknad sidan dei planlagte bekkeinntaka ikkje vil kunne ta unna flaumstore elver ved store nedbørsmengder og stor snøsmelting i fjellet.

Auka konsentrasjon av brevatn i Jostedøla

Tidlegare inngrep i samband med utbygging i Jostedalen har allereie minka tilføringa av vatn frå elvar uten brevatn. Dette aukar konsentrasjonen av brevatn i Jostedøla, som igjen aukar avsetningar av breslam og masse i bakevjer og rolege parti av elvi i nærleiken av øyene med busetnad og næringsliv. Når djupna i elvi blir redusert fløymer elvi inn over dyrka mark og vegar ved større nedbørsmengder. Dette er allereie eit stort problem i dag i områder på Gjerde, Elvøy/Ormberg og Alsmo, der ein har jevnlege oversvømmingar grunna store avsetnader av masse i Jostedøla. Dette gjer at ein fleire gonger i året er inne-/utestengd frå enten arbeid eller heim.

Lågare vassføring i Jostedøla

Lågare vassføring i Jostedøla vil gje lågare vasspegel i brønnane i Elvøy, som igjen kan føre til vassmangel på vinterstid. Dette er allereie eit merkbart problem i periodar tidleg på vinteren. Lågare vassføring i Jostedøla vil og innverka negativt på naturlig vatning av dyrka mark på elveslettene langsmed elvi.

Lågare temperatur i Jostedøla

Redusert vassføring i sideelvene vil gje reduserte vekstvilkår for fisk i Jostedøla grunna lågare temperatur i elvi, med påfølgjande kortare vekstsesong enn i dag. Moglegheiten for ei attåtnæring med fiske vil truleg verte betydeleg redusert for meg som grunneigar i Jostedøla.

Lågare temperatur i Jostedøla vil og gje auke i lågtliggjande skodde langs elvi, som i sin tur gjev lågare temperatur i lufta, reduserte vekstvilkår og innkorting av ein allereie kort vekstsesong på dyrka mark i nærleiken av elvi.

Til slutt

I eit samfunn der ein snart kjenner prisen på alt, men ikkje verdien av noko, må urørt natur likevel kunne vere verdifull i seg sjølv. Verdipotensialet kan realiserast kvar dag gjennom eit berekraftig, naturbasert reiseliv, som gjev komande generasjonar like mykje som oss.

Nei til utbygging av Vestsida og Vigdøla!

Bjørn Gjelsten
Fjellfører og grunneigar
Jostedalen